




Statsforvaltaren  
i Møre og Romsdal


# Forventningsbrev 2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sine  
forventningar til kommunane




# FNs berekraftsmål

**1** UTRYDDE FATTIGDOM



Utrydde alle former for fattigdom i heile verda

**2** UTRYDDE SVOLT




Utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk

**3** GOD HELSE OG LIVSKVALITET



Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder

**4** GOD UTDANNING




Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle

**5** LIKESTILLING MELLOM KJØNNA




Oppnå likestilling og styrkje stillinga for jenter og kvinner i samfunnet

**6** REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD




Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle

**7** REIN ENERGI TIL ALLE



Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkomeleg pris

**8** ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST



Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle

**9** INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR




Byggje solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon

**10** MINDRE ULIKSKAP



Redusere ulikskap i og mellom land

**11** BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN




Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige

**12** ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON




Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster

**13** STOPPE KLIMAENDRINGAN




Handle omgåande for å motarbeide klimaendringane og konsekvensane av dei\*

**14** LIVET I HAVET




Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling

**15** LIVET PÅ LAND



Verne, tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald

**16** FRED, RETTFERD OG VELFUNDERANDE INSTITUSJONAR



Fremje fredelige og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

# Forord



Statsforvaltaren skal sikre at nasjonal politikk vert gjennomført i Møre og Romsdal. Vi er eit viktig bindeledd mellom den sentrale statsforvaltninga og kommunane.

Statsforvaltaren får oppdrag frå 13 departement og 10 direktorat. Dette blir samordna av Kommunal- og distriktsdepartementet. Oppgåvene kan oppsummerast i tre hovudpunkt:

- Formidle og iverksette nasjonal politikk og forventningar til kommunane på tvers av alle politikkområde
- Samordne og medverke til samarbeid mellom kommunar, statsetatar og regionale aktørar
- Fremje rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskapet, med vekt på likeverd.

Som ny statsforvaltar har eg ei klar målsetting om å vere tett på folk, sikre god og rettidig informasjon og ha god dialog med kommunane.

Gjennom Forventningsbrevet 2022 ynskjer vi å tydeleggjere sentrale oppgåver som kommunane har ansvar for, og som Regjeringa er spesielt opptatt av i året som kjem.

Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vere det politiske hovuds-poret for å ta tak i den største nasjonale og globale utfordringa vi står overfor. Kommunane er viktige aktørar for å nå berekraftsmåla.

Forventningsbrevet er bygd opp kring fire hovudkapittel. Målgruppa for forventningsbrevet er politisk og administrativ leiing i kommunen, politiske utval, og andre aktuelle medarbeidarar i kommunen. Målet er å gi kommuneleiinga ei god oversikt over oppgåver og satsingar i nasjonal politikk.

Eg ser fram til god kontakt og dialog med kvar einskild kommune på alle tenestnivå. Forventningsbrevet er eit supplement til andre møte- og treffpunkt eg ser fram til å ha med kommunane.

*Else-May Norderhus*  
statsforvaltar



# Innhald

<b>FNs berekraftsmål</b> .....	2
<b>Forord</b> .....	3
<b>1. Utfordringsbilde</b> .....	6
Kommunen si rolle i samfunnshjulet .....	6
Samfunn i omstilling og endring .....	6
<b>2. Overordna prioriteringar</b> .....	8
Berekraftsmåla .....	8
Koronapandemien .....	8
Samfunnstryggleik og beredskap .....	8
Bevaring av naturmangfald .....	9
Klimaomstilling og sirkulærøkonomi .....	9
Barn og unge .....	9
Psykisk helse og rus .....	9
<b>3. Statsforvaltarens forventningar til kommunane</b> .....	10
3.1 Plansamordning og kommunal planlegging .....	11
3.2 Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel .....	13
3.3 Klimaomstilling .....	15
3.4 Samfunnstryggleik og beredskap .....	17
3.5 Natur, miljøvern og arealforvaltning .....	19
3.6 Landbruk .....	23
3.7 Oppvekst og utdanning .....	25
3.8 Helse, sosial og omsorg .....	28
3.9 Folkehelse, livsløp og velferd .....	31
3.10 Krav om innsyn og klagebehandling etter offentleglova .....	34

<b>4. Grunnlag for vidare dialog og samarbeid</b> .....	36
Oppfølging av berekraftsmåla – strategisk planlegging .....	36
Samarbeidsprosjektet Møre og Romsdals 2025 .....	36
Styrking av kommunedialogen.....	36
Oppfølging av koronapandemien .....	37
Oppfølging av kommuneøkonomi .....	37
Barn og unge .....	37
Oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap .....	37
Oppfølging av klimaomstilling.....	37



# 1

## Utfordringsbilde

Samfunnsutfordringane har blitt meir komplekse, og det blir stilt auka krav til kommunesektoren både som tenesteleverandør og som utviklingsaktør. Alle kommunar skal løyse dei same lovpålagde tenestene. Kommunane skal planlegge og utvikle lokalsamfunnet ut frå lokale behov og ivareta demokratiske funksjonar uavhengig av talet på innbyggjarar, busettingsstruktur eller andre kjenneteikn

### Kommunen si rolle i samfunnshjulet

Kommunens samfunnsoppdrag omfattar meir enn lovpålagde oppgåver. Dette kan også omfatte samarbeid med aktørar utanfor eigen kommuneorganisasjon. Kommuneplanens samfunns- og arealdel er blant dei viktigaste verktøya kommunane har for å definere og sette rammer for utviklingsrolla.

Kommunestyret og lokaldemokratiet skal sørge for at innbyggjarane får dei tenestene dei har rett på.

Kommunen sitt samfunnsoppdrag kan oppsummerast i fire roller:

- Myndigheitsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Lokaldemokratisk aktør
- Tenesteleverandør

Kommunane og resten av storsamfunnet står i store samtidige utfordringar:

- Koronapandemi
- Klimaendring og tap av natur
- Demografiske endringar - færre unge og fleire eldre
- Sentralisering og urbanisering - fleire flyttar til sentrum

- Kompetanse og kapasitet
- Digital transformasjon
- Kommuneøkonomi og sirkulærøkonomi

### Samfunn i omstilling og endring

Kommunar og samfunn er i omstilling. Teknologeutvikling og klimautfordringar påverkar heile samfunnet. Arbeidslivet må bli grønarare, smartare og meir nyskapande. Både private og offentlege aktørar må utnytte ressursane på ein haldbar måte som gir grunnlag for lønsemd. Mangel på arbeidskraft og kompetanse er ei utfordring i dette bildet. Distrikta er hardast ramma.

#### Koronapandemi

12. mars 2020 markerer eit skilje i Noreg. Koronapandemien er global og har prega oss som menneske, lokalsamfunn og nasjon. Planlegging blir vanskeleg fordi det heile tida skjer endringar som vi alle må tilpasse oss. Vi kjenner på kostnadene pandemien har ført med seg, og vi må framleis leve med han.

#### Klimaendring og tap av natur

Klimaendringane og tap av naturmangfald er vår tids største utfordring. Dette verker

inn på korleis vi forvaltar naturen og naturressursane våre. Vi må omstille oss og redusere klimautsleppa, redusere tap av natur og artsmangfald. Kommunane har ei viktig oppgåve i det lokale klimaarbeidet.

### **Demografiske endringar - færre unge og fleire eldre**

Alle prognosar viser at vi lever lengre. Vi blir fleire eldre og talet på barn og unge går ned. I 2030 vil om lag 21 prosent av innbyggjarane i Møre og Romsdal vere over 67 år. I nokre kommunar vil denne aldersgruppa utgjere om lag 30 prosent av innbyggjarane. Dette betyr færre i arbeidsfør alder som skal sikre velferda. Over år har folketalsveksten i vårt fylke vore lågare enn i resten av landet. Kommunane kjenner folkesamansetninga i eigen kommune og blir utfordra til å tilpasse tenestetilbodet til det faktiske behovet.

### **Sentralisering og urbanisering - fleire flyttar til sentrum**

Ein føresetnad for utvikling i regionane er [livskraftige og attraktive lokalsamfunn](#). Det har over år vore ein trend at folk buset seg i byar og større tettstadar. Også i våre kommunar ser vi at folk flyttar frå utkantane og inn til meir sentrale område. Samstundes veit vi at det framleis vil vere spreidd busetnad i Noreg i framtida. Dette må kommunane ta omsyn til i sine strategiske planar for samfunns- og tenesteutviklinga i kommunen.

### **Kompetanse og kapasitet**

Tilgang på kompetent arbeidskraft er ei utfordring, og konkurransen om kompetansen er størst i distrikta. Krava til kommunal oppgåveløysing vil truleg auke, og krava til sterkare og kompetente fagmiljø vil bli forsterka. Skal kommunane makte å gi gode tenester til innbyggjarane i framtida, må denne utfordringa løyast. Løysinga kan vere samarbeid på tvers av geografi, fagmiljø og tekniske hjelpemiddel.

### **Digital transformasjon**

[Digital transformasjon](#) betyr å endre dei grunnleggjande måtane verksemda løyser sine oppgåver på med hjelp av teknologi.

Digitalisering og ny teknologi gjer at det offentlege kan løyse oppgåvene på nye og betre måtar. Møre og Romsdal har nådd målet om at 90 prosent av husstandane i fylket skal ha tilbod om breiband på meir enn 100 Mbit/sekund.

God digital infrastruktur, kunstig intelligens, 5G og den store framveksten av data, opnar for å tilby betre og meir samanhengande tenester. Utvikling av velferdsteknologi, digitale møtearenaer og digitale styringsystem er nokre døme på teknologi som kommunane allereie er kjende med. *Digi Møre og Romsdal* er eit samarbeid mellom kommunane som skal styrke kompetanse og finne felles digitale løysingar. Det avgjerande er i kva grad kommunane evnar å ta i bruk tilgjengeleg kunnskap og teknologi.

### **Kommuneøkonomi og sirkulærøkonomi**

Vi går inn i ein periode der inntektene til staten og overføringane til kommunane blir mindre. Samstundes aukar utgiftene til velferdstenester. Når handlingsrommet i budsjetta går ned, må nye tiltak i større grad finansierast gjennom betre ressursbruk og omprioriteringar. Kommunane må planlegge for at kommuneøkonomien vil bli strammare i åra som kjem. Dette er nærare omtalt i [Perspektivmeldinga 2021](#).

I ein [sirkulær økonomi](#) nyttar vi naturressursar og produkt effektivt i eit kretsløp der minst mogleg ressursar går tapt. Kommunar bør som samfunnsutviklar, planmynde, eigar av bygg og eigedom, tenesteleverandør og innkjøpar, legge til rette for å utvikle sirkulærøkonomiske tiltak lokalt. Til dømes offentleg/privat samarbeid og bruk av innovative innkjøp.



# 2

## Overordna prioriteringar

Regjeringa prioriterer å svare på dei store globale utfordringane også i 2022. Det blir viktig for kommunane å ha merksemd på klimautfordringane og konsekvensane av pandemien. Trusselbildet er i endring. Vi må mellom anna vere budd på digitale angrep, samanfallande hendingar og meir intenst uvêr.

### Berekraftsmåla

FNs berekraftsmål skal vere førande for samfunnsutviklinga i Noreg, både nasjonalt, regionalt og lokalt. Dei store globale utfordringane skal svarast på gjennom konkrete praktiske grep i den kommunale planlegginga.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har fått kartlagt si lokale berekraft (KPI-kartlegging) gjennom FN-programmet U4SSC. Oppsummeringsrapporten etter kartlegginga viser at det er spesielt seks hovudområde som vi må samarbeide om å løyse. I 2022 blir det viktig å ta i bruk resultatata frå denne kartlegginga når kommunane skal utvikle sine lokalsamfunn i retning av ei meir haldbar framtid. Både i arbeidet med kommuneplanens samfunns- og arealdel vil dei lokale KPI-rapportane inngå som eit viktig kunnskapsgrunnlag.

### Koronapandemien

Kommunane har fått erfaring med å handtere dei ulike sidene av pandemien, og har greidd denne oppgåva godt. Erfaringa må nyttast til å lage gode beredskapsplanar og ei godt organisert kriseleiing, for å handtere ein situasjon med auka smitte og nye virusvariantar. Særleg må kommunane fokusere på samhandlinga mellom kommu-

nelege, beredskapskoordinator, kriseleiing og det totale helsefellesskapet.

Ei sentral rolle er å halde innbyggjarane informert om pandemien og smitteverntiltak. I dette arbeidet må kommunane sikre at viktig informasjon blir mottatt og forstått av alle i kommunen. Dette gjeld også dei som ikkje kan norsk eller nyttar tradisjonelle informasjonskanalar.

Kommunane må ha særleg merksemd på dei gruppene som har hatt store utfordringar gjennom pandemien. Stadig fleire kjenner på einsemd og utanforskap. Både dei som har utfordringar i høve arbeidsmarknaden og barn og unge som har hatt det særleg tungt gjennom tida med pandemi.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane skal arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap. Arbeidet skal forankrast i det overordna styringssystemet i kommunen, og vere integrert i alle planar etter plan- og bygningslova. Systematisk arbeid med samfunnstryggleik sikrar at risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) og planverk er oppdatert og blir utvikla i tråd med utfordringane til kommunen. Dette arbei-



det gir eit godt grunnlag for å skape trygge og robuste lokalsamfunn.

Statsforvaltaren skal sommaren 2022 ferdigstille første versjon av ein oppdatert risiko- og sårbarheitsanalyse for Møre og Romsdal (FylkesROS). Arbeidet med FylkesROS løftar fram tema der vi ser behov for kompetanseheving, rettleiing og øving i tida framover.

## Bevaring av naturmangfald

Tap av naturmangfald er både ei global og lokal utfordring. Kommunane har ei viktig rolle i dette arbeidet. Mellom anna gjennom å bidra til at relevant kunnskap om naturmangfaldet blir formidla, forankra og integrert i alle sektorar. Slik kan vi nå dei nasjonale måla for naturmangfald. For å ta vare på dei mest trua økosystema og den mest trua naturen, må kommunane sjå forvaltninga av ulike sektorar i samanheng. Dei trua artane må få særleg stor merksemd når kommunane planlegg for nye areal.

## Klimaomstilling og sirkulærøkonomi

Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn. Dette krev omstilling og reduksjon av klimagassutslepp. I tillegg må vi tilpasse oss eit klima i endring. Kommunane kan bidra i omstillinga mellom anna ved å ta vare på karbonrike areal som skog og myr.

Kommunane har ei viktig rolle i utviklinga av den sirkulære økonomien. Samvirke mellom mange aktørar er avgjerande for at ressursane blir i økonomien lengst mogleg, og at presset på naturressursane vert redusert. Framtida krev at råvarebruk, avfall, utslepp og energibruk vert redusert til eit minimum.

## Barn og unge

I Møre og Romsdal er det i dag over 400 familiar der barn og unge lever i fattigdom. Kommunane har god oversikt om kven desse er. Regjeringa har allereie auka utlånsramma til Husbanken, med målsetting å hjelpe fleire familiar med dårleg økonomi

til å kunne eige sin eigen bustad. Dette krev ein ekstra innsats frå kvar einiskild kommune, og er særskilt viktig for å hindre utanforskap. Kommunen må prioritere dette arbeidet, slik at talet på familiar med barn og unge som lever i fattigdom i Møre og Romsdal blir vesentleg mindre i åra framover.

I 2022 blir nye reglar iverksett som skal sikre at kommunane arbeider tverrfagleg til beste for utsette barn og deira familiar. [Oppvekstreforma](#) vil krevje at dei ulike sektorane i kommunen samarbeider godt. Særleg er samhandlinga mellom barnevern og den psykiske helsehjelpa viktig. Kommunane må starte førebuingane til ein ny [barnevernlov](#) som trer i kraft i 2023.

Kommunane må følgje opp dei barna som grunna koronapandemien ikkje har fått den spesialpedagogiske hjelpa dei har behov for.

## Psykisk helse og rus


Psykiske plager og lidingar er ei av dei store helse- og samfunnsutfordringane våre. Det er ulik kapasitet og kompetanse i kommunane på dette området. Kommunane må ha stor merksemd på både førebygging og tenestetilbod til denne gruppa. Tidleg innsats og rask hjelp, særleg til unge med samtidige psykiske plager/lidingar og rusproblem er viktig. Kommunane må sikre at psykisk helsehjelp er slik at folk får hjelp når dei treng det.



# 3

## Statsforvaltarens forventningar til kommunane

Statsforvaltaren skal samordne alle styringssignalar som kjem frå Regjeringa og Stortinget, og som er retta mot regionane og kommunane. Forventningane som vi legg fram i dette dokumentet er forankra i desse styringssignalane. Samordningsansvaret gjeld også i forhold til andre regionale statsetatar i fylket med oppfølgingsansvar overfor kommunesektoren.



Kommunen står i eit spenningsfelt mellom lokale behov og nasjonal politikk. Kommunane vil styre eiga utvikling. Samstundes vil staten at kommunane skal bidra til å iverksette nasjonal politikk. Kommunane fungerer dermed både som sjølvstyrarar og forvaltarar.

Statsforvaltaren har både reine fagoppgåver for fagdepartement/ direktorat og meir generelle/samordna statsoppgåver. Dei fleste oppgåvene er i hovudsak retta mot kommunane i fylket. Dette kapitlet omhandlar Statsforvaltaren sine forventningar til kommunane knytt til ulike fagområde.



## 3.1 Plansamordning og kommunal planlegging



*Statsforvaltaren skal sikre at viktige nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i kommunalt planarbeid. Fagområde som klima og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnsstryggleik står sentralt. Vi skal også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### **FNs berekraftsmål skal leggest til grunn for kommunal planlegging**

Nye [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) seier at dei 17 berekraftsmåla til FN skal vere grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Dette gir viktige rammer og føringar for kommunal planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling.

Berekraftsmåla har vore retningsgivande for kommunane sitt [planstrategiarbeid](#) i denne planperioden. Den kommunale planstrategien skal er å rette søkelys mot dei planoppgåvene kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei positiv utvikling av kommunen. Planstrategien gir kommunen ei god oversikt både over kommunens samla planoppgåver og samla plansystem.

### **Kommuneplanen skal vere eit strategisk styringsverktøy**

Alle kommunar skal utarbeide ein samla kommuneplan med samfunns- og arealdel. Kommuneplanen er kommunens viktigaste verktøy for strategisk samfunnsutvikling og arealforvaltning. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver i kommunen. Kommuneplanens samfunnsdel kan ko-

plast til kommunens budsjett- og økonomiplanarbeid. Dersom [kommuneplanens samfunnsdel](#) skal vere eit viktig lokalpolitisk styringsverktøy må planen bli vedtatt tidleg i kommunestyreperioden. Samfunnsdelen kan danne grunnlag for utdjupeing av delmål og prioriterte satsingsområde gjennom kommunedelplanar, temaplanar og overordna strategiar. Samfunnsdelen kan også innehalde ein overordna arealstrategi med viktige rammer og føringar for det vidare arbeidet med [kommuneplanens arealdel](#).

### **Samordning, dialog og samarbeid**

Statsforvaltaren ønsker dialog og samarbeid med kommunane for å få til effektive planprosessar og betre plankvalitet. Gjennom den kommunale planlegginga vil tverrfagleg og tverrsektoriell innsats vere viktig. Nasjonale og viktige regionale interesser skal sikrast. Dette krev samordning og samarbeid på tvers av både geografi og forvaltningsnivå. Her står Statsforvaltaren si samordningsrolle sentral.

På bakgrunn av vedtekne planstrategiar for perioden 2019 – 2023 er dei fleste kommunane godt i gang med revisjon og oppdatering av sine kommuneplanar.

Ei viktig oppgåve i det vidare planarbeidet vil her vere knytt til implementering av

berekraftsmåla med utgangspunkt i dei kommunevise [KPI-rapportane](#) .

### Planfagleg kompetanse og kapasitet

Krava [plan- og bygningslova](#) sett til prosess og innhald skal vere oppfylt i det kommunale planarbeidet.

Den kommunale samfunns- og arealplanlegginga må vere basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og brei plankompetanse. Fleire kommunar har utfordringar knytt til mangel på kapasitet og kompetanse på planområdet. Ulike typar nettverks- og prosjektsamarbeid vil kunne vere nyttig for å møte desse utfordringane.

- Statsforvaltaren vil vere ein viktig medspelar og dialogpart. Meir informasjon av våre mange og ulike oppgåver på planområdet er tilgjengeleg på våre [heimesider](#). Vi har også utarbeidd fylkeskart med lenker til relevant statistikk over [kommunedata](#) knytt til 15 ulike tema-/fagområde.
- Fylkeskommunen har ansvar for den regionale planlegginga og har elles også ei viktig rolle knytt til rettleiings- og oppfølgingsoppgåver på [plan- og statistikkområdet](#) retta mot kommunane.
- Kommunal- og distriktsdepartementet har eit overordna forvaltningsansvar for plan- og bygningslova. På departementet sine nettsider under fana [www.planlegging.no](#) ligg ei samla oversikt med rettleiing til plan- og bygningslova, lenke til nyttige ressursar og ei innføring i plansystemet på ulike nivå.



## 3.2 Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel



*Statsforvaltaren skal gi kommunane råd og rettleiing i økonomiforvaltninga, blant anna i regelverk, inntektssystem og statsbudsjettet. Statsforvaltaren tildeler kvart år skjønnsmidlar for å kompensere forhold som ikkje blir fanga opp i inntektssystemet. Det blir også tildelt skjønnsmidlar til omstillings- og fornyingsprosjekt. Statsforvaltaren fører kontroll med kommunens budsjett, økonomiplan og rekneskap, blant anna med inn- og utmelding av ROBEK.*

### Kommuneøkonomi

Kommunane skal drive sine tenester inn- anfor sitt økonomiske handlingsrom. Det er kommunestyret som skal prioritere nivået på tenestene til eigne innbyggjarar. Kommunen skal yte eit godt og berekraftig tenestetilbod til innbyggjarane. Eit samfunn i endring krev at kommunane må tilpasse nivået på tenestene og tilverke nye løysningar. Dette må gjerast for å utnytte tilgjengelege ressursar på ein effektiv måte. I tillegg til eit godt lokaldemokrati, krev dette ei berekraftig forvaltning av kommuneøkonomien.

I vårt fylke har gjeldsgraden auka gradvis over fleire år. Det er 17 kommunar som har ei netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter på over 100 prosent. Ein rente-auke blir merkbar ved at driftsutgiftene i kommunane aukar tilsvarande. Dei fleste av kommunane har også eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter som er under det tilrådde nivået på 1,75 prosent. Det vil seie at kommunen har eit kostnadsnivå som er for høgt i forhold til inntektsnivået, og tenestenivået må då justerast for at kommunens rekneskap og budsjett skal kome i balanse. I 2020 hadde berre 12 kommunar ein rekneskap som gjorde det mogleg å sette av pengar på disposisjonsfond til utføresette utgifter.

Kommunane har hatt sterk inntektsvekst, mellom anna på grunn av auka skatteinn- gang. Dette er sett på prøve dei to siste åra på grunn av koronapandemien. Det er forventat at det blir ei moderat inntektsutvik- ling i åra som kjem og kommunane må fø- rebu seg på at kommuneøkonomien vil bli strammare. Dette mellom anna på grunn av renteauke.

### ROBEK

Talet på [ROBEK](#)-kommunar er lågt på lands- basis, med 18 kommunar. Tre av desse er i Møre og Romsdal. Vi ser dessverre at fleire kommunar har stram kommuneøkonomi. Om det ikkje vert tatt naudsynte grep, vil fleire kome på ROBEK i tida som kjem.

Ny kommunelov krev at det blir tatt tidle- gare grep. Dersom ein kommune har eit meirforbruk på over tre prosent av brutto driftsinntekter, blir dei meld inn på ROBEK. Det skal framleis budsjetterast med balan- se, og meirforbruk skal dekkast inn.

Statsforvaltaren vil ta kontakt med dei kom- munane som er i faresona for ROBEK etter at årsrekneskapen er lagt fram.

## Finansielle måltal

Det er eit krav i [kommunelova](#) at kommunestyret skal vedta finansielle måltal. Måltala skal brukast som eit verktøy for den kortsiktige og langsiktige styringa av kommunen sin økonomi. Alle kommunane har no vedteke finansielle måltal, men vi ser at dei blir brukt i ulik grad.

Statsforvaltaren rår til at kommunane nyttar måltala og har gode prosessar i behandlinga og revideringa av finansielle måltal. Det kan sikre eigarskap og forståing av plikta kommunestyret har i forvaltninga av kommuneøkonomien over tid. Årsbudsjett og økonomiplan bør vise til vedtekne måltal og rekneskapen skal også rapportere på desse.

## Kommune – Stat - Rapportering - KOSTRA

[KOSTRA](#) er ein statistikkdatabase som viser tal for kommunar og fylkeskommunar si verksemd. Det er viktig at KOSTRA-rapporteringa blir utført korrekt, slik at data er pålitelege og samanliknbare.

Nokre av KOSTRA-opplysningane blir også brukt som kriteriedata til utrekning av rammetilskotet til kommunane. Statsforvaltaren ber kommunane kvalitetssikre at opplysningane er riktig innrapportert.

## Skjønnsmidlar

Formålet med skjønnsmidlane er å fange opp forhold som ikkje blir godt nok ivaretatt i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar. Skjønnsmidlane skal også gå til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane. For 2022 er det 54 millionar til fordeling og om lag 28 millionar av disse er allereie fordelt på følgande område; ressurskrevjande tenestemottakarar, barnevern, skyss av helsepersonell, språkdeling og helseplattforma.

Det vil bli sendt ut brev til kommunane om søknadskriteria for prosjektskjønn/Fylkesløft og ordinære skjønnsmidlar tidleg i mars 2022. Dei siste åra har vi prioritert skjønnsmidlar til prosjekt som alle kommunane har delteke på, kalla *Fylkesløft*. Til dømes *Berekriftskartlegginga* (KPI), Helseplattforma og satsinga på å få *Ungt entreprenørskap* inn i alle skulane våre.

Søknadsfristen for skjønnsmidlane for 2023 er 1. juni i 2022 med ei ramme på om lag 50 millionar kroner.



## 3.3 Klimaomstilling



*Tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar skal inn i kommunens overordna planar. Noreg har vedtatt ei klimalov. Klimagassutsleppet i 2030 skal vere redusert med minst 50 prosent og samanlikna med referanseåret 1990. Kommunane sitt arbeid er avgjerande for å nå målet.*

### Klimaomstilling

Klimaendringane og tap av naturmangfald er vår tids største utfordring. Med klimaomstilling meiner vi endringar som gjer det mogleg å redusere klimagassutslepp, men også endringar som bidrar til at samfunnet vert tilpassa eit klima i endring. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil gjennom den tverrfaglege satsinga [Klimasnu](#) bidra til dette arbeidet.

Noreg skal omstillast til eit lågutslepps-samfunn. Dei fysiske konsekvensane av klimaendringane vil påverke økonomi og samfunn. Overgangen til eit lågutslepps-samfunn vil påverke verdien av investeringane i samfunnet.

### Kommunane skal prioritere klimaarbeidet

For å bremse den globale temperaturstigninga i tråd med Parisavtalen, må store kutt i utsleppa på plass innan 2030. Det er behov for ei stor omstilling av samfunnet. Kommunane skal prioritere arbeidet for å bidra til reduserte klimagassutslepp og auke opptak av klimagassar. 2022 må bli året der kommunane går frå ord til handling.

Kommunane har laga gode mål og strategiar for klima og miljø i sine samfunnsplanar. No er det viktig å følgje dette opp vidare gjennom konkrete handlingar og tiltak inn- anfor alle sektorar.

### Klimaomsyn i arealplanlegginga

Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp, inkludert å ta vare på karbonrike areal som skog og myr. Planlegginga skal bidra til at samfunnet blir forbetra, og blir tilpassa eit klima i endring. Varetaking av urørt natur er eit viktig tiltak.

Ei meir samordna areal- og transportplanlegging vil vere eit effektivt verkemiddel for å redusere klimagassutslepp. [Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging](#) legg viktige rammer og føringar for den kommunale planlegginga. Arealplanlegginga i kommunane skal minimere behovet for transport. Nye etableringar bør skje i område som allerede er tatt i bruk.

### Klima- og energiplan

Kommunane skal i si overordna planlegging innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar.

Statsforvaltaren gjennomførte i 2021 ei kommuneundersøking for å kartlegge status knytt til arbeidet med klima og klimaomstilling. Undersøkinga viste at under halvparten av kommunane i fylket hadde sett seg ambisiøse mål for reduksjon av klimagassutslepp. Dette er ei klar forventning i [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#).

Som ledd i det grønne skiftet og overgang frå fossilt brennstoff til fornybar energi, aukar behovet for elektrisk kraft. Det er viktig at kommunane sikrar effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging.


Kommunane må arbeide for å få på plass godt forankra mål, strategiar og tiltak for det kommunale klimaarbeidet i løpet av 2022. Fleire av kommunane vil arbeide med nye klimaplanar i 2022.

Klimanettverka i fylket vil vere ein viktig arena for samarbeid mellom kommunane i dette arbeidet. Dette omfattar også arbeid med klimarekneskap og klimabudsjett.





## 3.4 Samfunnstryggleik og beredskap



*Kommunane skal sjå samfunnstryggleiksverdiar og -utfordringar i eit heilskapleg perspektiv der målet er å bygge trygge og robuste lokalsamfunn. For å trygge innbyggjarane må kommunane også planlegge for langvarige kriser, samansette trugslar og moglege samtidige hendingar.*

### Krisehandtering og beredskapsplanar for korona

Koronapandemien og krisehandtering har prega dei to siste åra. Vi ventar at kommunane har oppdaterte beredskapsplanar. Dette gjeld også planar for auka smitte og nye virusvariantar, godt organisert kriseleiing og tilfredsstillande tilgang til kommunelegefunksjon.

Kommunelegane og beredskapskontaktane bør ha tilstrekkeleg kapasitet til beredskapsarbeid og ha god dialog med kommunal kriseleiing.

### Evaluering og oppdatering av heilskapleg ROS-analyse

Vi oppmodar kommunane til å gjennomføre evaluering(ar) undervegs i krisehandteringa av pandemien slik at viktige læringspunkt ikkje vert gløymde. Mange kommunar øvde i 2021 på digitale angrep, og har evaluert øvinga. Dette kan gi grunnlag for å gjennomføre endringar i heilskapleg ROS-analyse og tilhøyrande planverk.

### Oppfølging av berekraftsmåla til FN

Fleire av berekraftsmåla til FN er viktige for samfunnstryggleiken. Dette gjeld mellom anna motarbeiding av klimaendringar, varetaking av økosystemtenester og bygging av robust infrastruktur. Gjennom arbeidet med å førebygge uønskete hendingar styrkar vi motstandsevna til samfunnet.

Dette gjeld til dømes mattryggleik, vassforsyning, straum og nettutfall.

### Kommunal planlegging og klimatilpassing

Klimatilpassing skal inngå i planarbeidet til kommunen, jf. [statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#). [Klimaprofil Møre og Romsdal](#) skal leggast til grunn for dette arbeidet. I Møre og Romsdal vil klimaendringane særleg føre til behov for tilpassing med tanke på kraftig nedbør og problem med overvatn, stormflod og havnivåstiging, endringar i flaumforhold og skred. Kommunane kan [søke tilskot](#) til kunnskapsoppbygging om klimaendringar og klimatilpassingstiltak.


### Kommunal planlegging og storulykkeverksemdar

Ein del verksemdar som blir etablert som følgje av «det grønne skiftet» (som batterifabrikkar, hydrogenfabrikkar, biogassanlegg m.m.), kan føre til problem knytt til verksemdrisiko og mogleg storulykkerisiko. Ved etablering av nye verksemdar må kommunen gjere vurderingar i tråd med forventningane i «det grønne skiftet». Det kan mellom anna vere tema som energitilgang, risikofylte anlegg, nedbygging av areal og utslepp. Desse og fleire tilhøve må vurderast i behandlinga av arealplansaker.

Kommunar med storulykkeverksemdar må ha beredskapsplanar som varetek naudsynte beredskapsmessige tiltak for verksemda. Desse beredskapsplanane skal øvast jamleg.

### **Heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap**

I våre tilsyn med kommunal beredskapsplikt vil Statsforvaltaren ha fokus på at kommunane arbeider heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap. Arbeidet skal forankrast i det overordna styringssystemet til kommunen, og vere integrert i alle planar etter plan- og bygningslova. Systematisk arbeid med samfunnstryggleik sikrar at analysar og planverk er oppdatert og utviklast i tråd med utfordringane til kommunen.



## 3.5 Natur, miljøvern og arealforvaltning



*Klimaendringar og tap av naturmangfald er vår tids største utfordring. Når kommunen ønskjer å bruke areal til ulike formål, må det vurderast kva konsekvensar planen eller tiltaket kan få for klima og miljø. Ei konsekvensutgreiing skal vere basert på kjende metodar for innhenting av kunnskap og vurderingar av påverknad og konsekvens.*

### Tap av naturmangfald

Tap av naturmangfald er både ein global og ei lokal utfordring, både på land, i vassdrag og i kystsona. For å ta vare på økosystema og den mest trua naturen er det nødvendig å sjå forvaltninga innan ulike sektorar i samanheng.

Gjennom arbeid med ein tematisk [kommunedelplan for naturmangfald](#) kan kommunen auke kunnskapen sin om eigne naturverdiar. Kommunedelplan for naturmangfald skal styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder. Planen skal vere føreseieleg for forvaltninga, eigarar og utbyggjarar og eit reiskap for å synleggjere naturmangfaldet som verdi. Ein slik plan vil ikkje vera juridisk bindande for arealbruk, men planarbeidet vil opne for brei deltaking og politiske diskusjonar om prioriteringar knytt til naturmangfald.

Det har vore gjennomført nasjonale pilotprosjekt i regi av Miljødirektoratet med kommunedelplanar for naturmangfald. Kommunane som har vore med på piloten er nøgd med at dei har fått meir tilgjengeleg og systematisert kunnskap i eigen kommune. Dei rapporterer om at både tilsette og politikarar har fått auka kompetanse om naturmangfaldet, utfordringar og aktuelle tiltak.

Kommunar kan søke om [tilskotsmidlar for ivaretaking av naturmangfald i kommuneplanlegging](#).

### Villaksen på raudlista - blir rekna som nær trua

Norsk raudliste for artar vart oppdaterte i november 2021. Raudlista er ei oversikt over artar i Noreg som er utdøyande, trua eller som i nær framtid kan bli trua.

Ein av dei nye artane på lista er villaksen. Den har hamna på raudlista fordi talet på laks som kjem inn til elvane er kraftig redusert. Ved arealplanlegging i og langs desse vassdraga, samt i sjøen, bør kommunen ta omsyn til dei økologiske forholda og levevilkåra for laksefisk.

Naturleg vassføring, god vasskvalitet og riktige temperaturforhold er viktig for at laksen skal ha gode levevilkår. Ulike tiltak og inngrep i og langs sjø og vassdrag kan medføre endringar som er uheldige for laksefisk og anna liv. Døme er erosjonssikring, arealinngrep i nedbørfelt og sidebekkar, vegar langs elvane, kraftutbygging, forureining, grusgraving og nydyrking inn mot elvar som er lakseførande.

Det er viktig at kommunane samarbeider med lokale elveeigarlag, NVE og Statsforvaltaren i saker som kan gi negative konsekvensar for økosystema i vassdraga.

## Avløp

Svært mange kommunar i Møre og Romsdal har store utfordringar knytt til gamle leidningsnett og for dårleg reinsing av avløpsvatn. God kontroll med avløpsvatn er viktig, då det inneheld organisk materiale, næringssalt (fosfor og nitrogen) og tarmbakteriar. Utslepp av ureinsa eller for dårleg reinsa avløpsvatn kan føre til overgjødsling av sjø og ferskvatn, samt forureina badevatn og drikkevatt.

Kommunen er forureiningsmynde for utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn. Statsforvaltaren er forureiningsmynde for større tettbygde område. Det må sikrast at avløpsnett og reinseanlegg er i tråd med forskrifta.

Kommunen må jobbe systematisk for å få ein infrastruktur som sikrar at handteringa av avløpsvatn er i tråd med krava i forskrift og løyve. Dette vil medføre kostbare tiltak som krev langtidsplanlegging og politisk vilje for å sikre tilstrekkeleg finansiering og gjennomføring.

## Grunnforureining

Eit terrenginngrep i forureina grunn aukar risikoen for å bli eksponert for forureining, og aukar risikoen for at ureininga spreier seg i miljøet. Kommunen har mynde i bygge- og gravesaker i ureina grunn. Regelverket skal sørge for at bygging og graving i forureina grunn ikkje fører til forureining, og at det blir rydda opp slik at eigedomen kan brukast til det planlagde føremålet.

For at kommunen skal klare å følgje opp regelverket må det gjennomførast kontroll over områda med mogleg forureining. Kommunen må registrere, oppdatere og vedlikehalde data i databasen [Grunnforurensning](#).

## Natur og miljøomsyn i planlegginga

Kommuneplanens arealdel skal vise samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk i kommunen. Det kan også utarbeidast arealplanar for deler av kommunens område. Begge desse plantypene kan vere grunnlag for vidare utdjuving gjennom område- eller detaljregulerings-

planar. Det er viktig at kommunen følgjer opp vedtekne arealplanar så godt som råd og i avgrensa grad gir dispensasjonar. Vi oppmodar kommunane å vurdere om det bør vere søknad for tilretteleggingstiltak for friluftsliv i utmark.

## Ny rettleiar for konsekvensutgreiingar

For planar og tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing. Hensikta med konsekvensutgreiinga er å sørge for at omsynet til miljø og samfunn blir ivaretatt i planlegginga. Ny [rettleiar for konsekvensutgreiingar](#) for planar etter plan- og bygningslova vart gitt ut i 2020, og oppdatert i mai 2021.

Rettleiaren er utarbeidd til bruk ved konsekvensutgreiing av alle planar og tiltak. Han viser til metodar for å kartlegge klima- og miljøtema, setje verdiar og vurdere påverknad og konsekvens.

Statsforvaltaren forventar at kommunane gjer seg kjend med [Forskrift om konsekvensutredninger](#). Kunnskapsgrunnlaget som blir brukt i vurderingane i konsekvensutgreiinga følgjer ei rekkje krav. Fleire krav til innhenting av kunnskap er nærare omtalt i forskrifta kapittel 5.

## Motsegn

Statsforvaltaren grip inn i kommunal arealforvaltning ved å varsle eller fremje motsegn, og ved å klage på vedtak i dispensasjonssaker. Dette vil berre bli nytta som verkemiddel når kommunane ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til viktige regionale eller nasjonale interesser. Vi ønsker eit tett samarbeid der vi søker å løyse slike konflikter utan å nytte mekling som verkemiddel. Regelverk og prosedyrar om motsegn går fram av [Rundskriv H-2/14](#); *Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven*.

Statsforvaltaren ynskjer tidleg og god dialog med kommunen for å sikre kunnskap og unngå motsegn.

For ei nærare utdjuing av miljøinteresser av nasjonal og vesentleg regional betydning, kan det visast til [Rundskriv T-2/16](#) frå Klima- og miljødepartementet; *Nasjonale og regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens praksis*. Rundskrivet gjer det klart korleis kommunen kan legge ut areal til bruk som ikkje er i strid mot nasjonale og viktige regionale interesser på natur og miljøområdet. Vi vil gjere kommunane i stand til å ivareta økosystema i arealforvaltninga mellom anna gjennom rettleiing i bruk av kartlagt naturtypar i *Naturbase*. Det er varsla ei oppdatering av T-2/16 i 2022.

## Mekling

Statsforvaltaren er også meklingsinstans. Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen. Saka kan gå vidare, anten ved at kommunen endrar planen, det vert gjennomført mekling, eller at planen går direkte til avgjerd i Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Dei fleste motsegnsakene blir løyst gjennom dialog og uformelle arbeidsmøte. Uavklarte motsegnssaker kan vere tema for vidare drøfting og forhandling gjennom formelle meklingsmøte i regi av Statsforvaltaren. Dersom mekling ikkje fører fram blir saka oversendt departementet (KDD) for vidare sluttbehandling og endeleg vedtak.



## Dispensasjonar etter plan- og bygningslova

Dispensasjon skal vere eit unntak. Den store hovudregelen er at kommunen skal avklare arealbruken gjennom arealplanar. Ein arealplan er eit viktig styringsverktøy, og det skal sikre heilskapleg og langsiktig bruk av areala i kommunen. Viktige omsyn i planprosessen er medverknad, samråd og offentlegheit. Ein dispensasjonspraksis der gjeldande arealplanar i stor grad blir sett til side, gjer arealbruken lite føreseieleg for grunneigarar, naboar og andre med interesser i planområdet. Det vil også svekke planen som styringsverktøy.

### *Dispensasjonspraksis i kommunane*

Kommunane behandlar mange dispensasjonssaker i løpet av eitt år. Dette ser vi i talet på dispensasjonssaker som kjem på høyring til Statsforvaltaren. Statistikk for 2021 viser at det har vore ein auke i talet på desse sakene. Ein stor del av klagesakene som vi har til behandling etter plan- og bygningslova, gjeld òg dispensasjon.

Nokre tiltak har verknader som gjer at det ikkje vil vere høve til å gi dispensasjon. Om ein skal gå vidare med slike tiltak må det løysast gjennom reguleringsplan. Kommunane må i større grad løyse dette gjennom planlegging, og ikkje ved dispensasjonsbehandling. Det er viktig å få ei sak inn på rett

spor på eit tidleg tidspunkt. Å legge opp til ei dispensasjonsbehandling som ikkje kan føre fram, inneber unødig bruk av tid og ressursar for alle partar.

### *Dispensasjonsbehandlinga*

Ein dispensasjon stiller særlege krav til saksbehandlinga. Ofte vil det vere krav om at saka skal sendast på høyring. Som høyringsinstans opplever vi at ein del dispensasjonssaker ikkje er tilstrekkeleg opplyst når dei blir sendt over til Statsforvaltaren for uttale. Det gjer det vanskeleg for oss å gi ei fagleg tilråding i saka.

Som klageinstans ser vi at kommunane tidvis har utfordringar med å gjere riktige og gode dispensasjonsvedtak. I fleire saker er det gjort mangelfulle vurderingar av dispensasjonsvilkåra, eller det er lagt for stor vekt på personlege omsyn og ønsker. Ei anna utfordring er at grunngevinga for dispensasjon er mangelfull. Dette er tilhøve som ofte vil føre til at vi som klageinstans må endre eller oppheve kommunane sine dispensasjonsvedtak.

Dispensasjonssaker kan vere utfordrande. For å hjelpe kommunane har vi utarbeidd ein dispensasjonsrettleiar som vi håpar kan vere eit nyttig verktøy i saksbehandlinga. Rettleiaren vil bli tilgjengeleg på våre heimesider i løpet av våren.



## 3.6 Landbruk



*Kommunane skal legge til rette for utvikling av landbruket, både med tradisjonell bruksutbygging og som Hoppid.no aktør. Statsforvaltaren har ansvaret for oppfølging av nasjonal landbruks- og matpolitikk i fylket. Dette gjeld både utviklingsoppgåver og forvaltningsoppgåver på landbruks- og matområdet. Statsforvaltaren skal etablere møteplassar for erfaringsutveksling og formidle statlege forventningar.*

### Kommunal landbruksforvaltning

Den kommunale landbruksforvaltninga leverer viktige tenester til landbruket i sin kommune. Landbruket er ei stor næring i Møre og Romsdal. Kommunane har eit viktig forvaltaransvar for tilskotsordningar, særlover og arealbruk. I fleire av fylkets kommunar er landbruksforvaltninga liten og sårbar. Vi vil oppfordre kommunane til å rette søkelys på kva risiko lav bemanning inneber, og gjerne ha samarbeidsavtalar med ein nabokommune.

Kommunane har førsteinstansansvaret for fleire av dei viktigaste tilskotsordningane til landbruket. I 2021 var utbetalingane av produksjonstilskot og avløysartilskot til gardbrukarar i vårt fylke rett under 700 millionar kroner. Dette er midlar Stortinget løyver for at vi skal ha ein nasjonal matproduksjon, landbruk i heile landet og eit levande kulturlandskap. For landbruksnæringa er det avgjerande at kommunane har ei operativ og robust landbruksforvaltning.

### Effektiv tilskotsforvaltning

Innan tilskotsforvaltning har kommunane oppgåver som kunnskapsformidlar, saksbehandlar og kontrollinstans. Kvart år vert det utbetalt store tilskotsbeløp til landbruket i fylket (jordbruket og skogbruket). God

tilskotsforvaltning inneber at det er utarbeidd rutinar som sikrar at rett utbetalingsbeløp når ut til dei som har rett på tilskot. Kommunane må ha rutinar som sikrar god tilskotsforvaltning, og kravet om ein eigen kontrollplan i kvar kommune er skjerpa. Gode kontrollrutinar skal sikre at brot på regelverket vert avdekkja og følgt opp.

### Arealforvaltning og jordvern

Tilgangen på dyrka jord er nøkkelen til nasjonal sjølvforsyning. Dyrka jord representerar også viktige landskapsverdiar.

Stortinget har vedtatt ein nasjonal jordvernstrategi som seier at årleg omdisponering av dyrka jord må vere under 3000 dekar per år. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gjennom vedtak av landbruksmeldinga (juni 2017) vedtatt ei målsetjing om at omdisponering av dyrka jord skal vere under 200 dekar årleg. Vi ser ei positiv utvikling i fylket dei siste åra, og det er framleis eit prioritert arbeid å halde nedbygging av dyrka jord på eit minimumsnivå.

I perioden frå 2016 til 2020 har nedbygging av dyrka jord i Møre og Romsdal gått frå 254 dekar til 113. Vi ser likevel at variasjonane kan vere store år for år.

Eigarar av jordbruksareal har ei plikt til å drive jorda. Kommunen har ansvar for at driveplikta blir følgd opp. Driveplikta kan ivaretakast ved at eigaren driv jorda sjølv eller ved å leige vekk arealet til ein aktiv bonde, i utgangspunktet er det krav om ein leigekontrakt på 10 år. Driveplikta omfattar fleire viktige samfunnsomsyn:

- jordbruket sitt behov for ein føres-eieleg tilgang på arealressursar
- beredskap (ta vare på jorda si produksjonsevne)
- kulturlandskap

Fleire av kommunane i Møre og Romsdal har ikkje følgd driveplikta godt nok opp.

### Skog

Skogplanting skaper verdjar og er eit godt klimatiltak.

Møre og Romsdal har betydeleg skogproduksjon, og skogen gir sysselsetting og verdjar for skogeigar.

I tillegg tar veksande skog opp store mengder av klimagassen CO<sub>2</sub>.


Skogreisinga på 1950- og 60-talet gjer at det er store mengder gran som er klar til avverking. Etter hogsten har skogeigar plikt til å plante ny skog (skoglova). Kommunane skal etter skoglova sjå til at skogeigarar oppfyller plikta dei har til å fornye skogen. Kommunane skal gjennomføre både foryngingskontroll og resultatkartlegging. Hogstfelt der det ikkje er registrert planting etter tre år, vert plukka ut til foryngingskontroll.

I Møre og Romsdal er praksis å vente tre år med planting grunna problem med gransnutebilla. Kontrollen vert derfor gjennomført litt for tidleg i mange høve. Det er då viktig at kommunen følgjer opp desse kontrollfelte året etter for å sjå til at foryngingsplikta vert oppfylt.





## 3.7 Oppvekst og utdanning



*Kommunale, fylkeskommunale og private barnehage- og skuleeigarar skal følgje opp den nasjonale utdanningspolitikken. Det er viktig at både eigarar og leiarar av skule og barnehage jobbar forebyggjande og systematisk for eit trygt og godt barnehage og skulemiljø. Det er også viktig at eigarane av skule og barnehage har god kompetanse på dette. Barnevernreforma, vart sett i kraft 1. januar 2022, og gir kommunane større ansvar for barnevernet.*

### Barnevern

Endringar i barnevernlova frå 1. januar 2022 understrekar kommuneleiinga sitt ansvar for barneverntenesta og det samla familiestøttande arbeidet. Det er den øvste leiinga i kommunen som har ansvaret for at kommunen oppfyller sine lovpålagte oppgåver. Kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid for å forebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem.

Barnevernreforma regulerer først og fremst barnevernet, men ein når ikkje måla i reforma utan å involvere heile oppvekstsektoren. Derfor er dette ei oppvekstreform. Kommunen må legge til rette for samhandling mellom tenestene i heile oppvekstsektoren, slik at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt.

### Mål med reforma er

- at kommunane styrker arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- at hjelpa blir betre tilpassa dei behova som barn og familiar har
- at barn og familiar blir sikra god rettstryggleik
- at ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet blir meir effektiv

Vi forventar at kommunen tar i bruk sin kjennskap og innsikt i barn og foreldre sine behov og bidrar til å dreie arbeidet i retning førebygging og tidleg innsats.

### Kompetanse

Regjeringa sin [kompetansestrategi 2018-2024](#) er eit historisk kompetanseløft i det kommunale barnevernet. Strategien skal bidra til at måla i reforma blir nådd gjennom tiltak som utviklar kompetansen og bidrar til tenesteutvikling i kommunane. Tiltaka skal bidra til at barn, unge og familiar møter tilsette med høg fagleg kompetanse og tenester av god kvalitet. Vi forventar at kommunane tar del i utviklingsarbeidet som er i gang mellom anna i læringsnettverk og i program for tenestestøtte.

### Fosterheimsansvaret

Fosterheimsarbeidet er eit viktig område i reforma. Statsforvaltaren forventar at kommunane arbeider vidare med å rekruttere fosterheimar i barnet sin familie og nære nettverk. Kommunane får også eit utvida ansvar for rettleiing og oppfølging av fosterheimar og har då eit heilskapleg ansvar på området.

### **Ny barnevernlov**

Ny barnevernlov trer i sin heilskap i kraft frå 2023. Nokre av lovendingane trer i kraft allereie frå 2022, for å understøtte iverksetting av barnevernsreforma. Endringar presiserer kommuneleiinga sitt ansvar for barnevernet. Frå 2021 er det lovbestemt at kommunestyret minst ein gong i året skal få ei utgreiing om tilstanden i barneverntenesta. Frå 2022 skal kommunestyret også vedta ein plan for korleis kommunen skal førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Dette skal bidra til overordna forankring av det førebyggjande tilbodet, og vere eit viktig verktøy for å sikre forpliktande og systematisk innsats for å legge til rette for heilskapelege tenester. Det er forventa at denne planen bidrar til å vidareutvikle det tverrfaglege arbeidet i kommunen og at planen bidrar til førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

### **Dommar frå den Europeiske menneskerettsdomstolen (EMD)**

Fleire dommar frå EMD og Høgsterett gjer at barnevernet i kommunane må endre praksis på viktige område. Dette gjeld først og fremst samversordningane og arbeid med gjenforeining av barn og foreldre etter omsorgsovertaking. Kommunane må derfor gjere seg kjent med dommane og kva for innverknad dette har for barnevernet.

### **Barnehage**

I lov om barnehagar § 1 står det at «*Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.*» Formålet i barnehagelova, FN sine berekraftsmål og barnekonvensjonen set viktige rammer for barn sine oppvekstkår. Barna har rett til medverknad, til å bli høyrte og barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som vedkjem barn. Kommunane må sikre at desse omsyna blir varetatt. Barnehageeigar skal sikre at barnehagebarna har eit godt og trygt psykososialt barnehagemiljø slik det er omtalt i barnehagelova.

### **Kompetanse**

Riktig kompetanse er avgjerande for kvalitet. Kommunen som barnehageeigar har ansvar for å sikre system for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine verksemdar.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er den nyaste delen av tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling. Satsinga omfattar heile laget rundt barna og elevane, og skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på dei barna som har behov for det. Målgruppe for satsinga er tilsette i barnehage og skule, barnehage- og skuleeigarar, tilsette i PPT og andre tenester i kommunane og i fylkeskommunen.

### **Kommunen som barnehagemynde**

Kommunen skal gi rettleiing og sjå til at kommunale og private barnehagar i kommunen driv i tråd med barnehagelova. Kommunen skal godkjenne alle barnehagar, sikre barn med rett til barnehageplass, samordne opptaksprosessen i kommunen, gi tilskot til godkjente private barnehagar, gi dispensasjon frå utdanningskravet som barnehagelærar og føre tilsyn.

### **Likebehandling av kommunale og private barnehagar**

Kommunen skal likebehandle private og kommunale barnehagar når kommunen utfører oppgåver som barnehagemynde. Dette er særskilt presisert i [barnehagelova](#) § 11 *Krav til likebehandling og uavhengigheit*. Statsforvaltaren forventar at kommunane fyller rolla som barnehagemynde og at likebehandling og organisering av arbeidet er i tråd med lovkrava.

### **Skule**

Kommunane har ansvar for å sikre eit trygt og godt skulemiljø. Kommunane må sørge for kompetanse som sikrar dette. For å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, har skulen ei aktivitetsplikt etter opplæringslova. Føremålet med aktivitetsplikta er å sikre at skulane handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

### **Spesialundervisning**

Det er viktig å ha særskilt merksemd på barn og unge med rett på spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Dersom dei ikkje har fått det tilbodet dei har behov for under pandemien, forventar Statsforvaltaren at barnehage- og skuleeigarar prioriterer denne gruppa.

### **Førebyggjande arbeid med skulemiljø**

Skuleeigar og skulane må halde fram å jobbe førebyggjande med skulemiljøet. Det viser seg at skular som er gode på det førebyggjande arbeidet også får betre faglege resultat. Dette krev kontinuerleg innsats. Det er klare forventningar til at arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø vert halde høgt også i 2022.

I forhold til elevtalet er Møre og Romsdal eit av fylka i landet med færrest klager til Statsforvaltaren om skulemiljø. Statsforvaltaren vil i 2022 følgje opp kommunane for å kartlegga kvifor det er slik.

### **Internkontroll og tilsyn på opplæringsområdet**

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at dei oppfyller krava i regelverket om skulemiljø, jf. kommunelova § 25-1 første ledd. Internkontrollen er eit verktøy for å sikre at lover og forskrifter blir etterlevde. Kommunedirektøren er ansvarleg for at kommunen har internkontroll.

2022 – 2025 er ein ny periode for felles nasjonale tilsyn på skuleområdet. Det vert ført tilsyn med kommunar over heile landet med utgangspunkt i det same temaet. I tillegg til nemnte tilsyn om skulemiljø og internkontroll, vil tilsyn med spesialundervisning også halde fram. Det må også påreknast at det vil bli ført tilsyn på andre område, til dømes med lærarnorm.

### **Rammeplan for SFO**


I 2021 kom [rammeplan for skolefritidsordninga](#) (SFO). Planen har status som forskrift og Statsforvaltaren forventar at kommunane tar denne i bruk og/eller tilpassar egne kommunale planar til forskrifta.

### **Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis**


*Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis* er ei femårig satsing. Kommunane har ansvar for å møte behova hos barn og unge med spesifikke tilretteleggingsbehov, dette i lys av Statped sitt nye mandat. I denne satsinga er universitet- og høgskulesektoren ein viktig medspelar.

### **Nytt læreplanverk**

Det er viktig at kommunane som skuleeigarar tar i bruk og følgjer nytt [læreplanverk \(LK20\)](#), særleg i lys av at innføringa har vore påverka av pandemien. Nye læreplanar fører også til faglege endringar i eksamen. Parallelt vert eksamen og prøver digitalisert. Statsforvaltaren forventar at kommunane tar i bruk dette planverket.



## 3.8 Helse, sosial og omsorg



Kommunane har ei stor og viktig oppgåve for å gi helse-, sosial- og omsorgstenester til alle sine innbyggjarar. Dette omfattar tenestetilbod gjennom heile livet. Statsforvaltaren skal medverke til gjennomføring av nasjonal politikk regionalt, og iverksetting av sektorpolitikken lokalt. Gjennom informasjon, tilsyn og klagebehandling gir Statsforvaltaren råd og rettleiing innan helse-, sosial- og omsorgslovgivinga.

### Fastlegar og kommunelegar

I fleire av våre kommunar er kapasitet i fastlegeordninga under press. Nokre kommunar har underdekning av fastlegar og få eller ingen ledige plassar på opne fastlegelister.

Kommunelegar har ei nøkkelrolle i ein pandemisituasjon, samt fleire viktige oppgåver knytt til folkehelsearbeid og akutt psykisk helse i kommunen. Vi forventar at stillingsdel for kommunelegar er dimensjonert slik at den tek i vare utfordringar og sikrar kontinuitet.

Statsforvaltaren ynskjer å framheve *ALIS (allmennlege i spesialisering)* og auka rettleiing som rekrutteringstiltak inn i kommunale fastlegestillingar. Statsforvaltaren skal i 2022 medverke til oppfølging av arbeid med tiltak i [Handlingsplanen for allmennlegjetjenesten 2020-2024](#).

### LIS1-stillingar i kommunen

Regjeringa har i statsbudsjettet for 2022 foreslått å løyve 15,5 mill. kroner til 62 nye LIS1-stillingar. (LIS1 er del 1 i ein obligatorisk felles plattform for alle legar som vil spesialisere seg; tidlegare lege i turnusteneste). Halvparten av stillingane vil vere på plass frå hausten 2022. Den resterande auken vil

vere fullt ut fasa inn frå 2023. Korleis desse stillingane fordeler seg er uklart, men vi kan rekne med omlag fire nye stillingar til kommunane i Møre og Romsdal. Vi oppmodar kommunar som har moglegheit til å opprette nye stillingar om å ta kontakt med Statsforvaltaren.

### Helsefellesskap

Helsefellesskap skal bidra til meir samanhengande og berekraftige helse- og omsorgstenester. Det er eit mål å ha likeverd mellom kommunane og helseføretaka ved utvikling og planlegging av tenester til barn og unge, personar med fleire kroniske lidningar, dei med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, og skrøpelege eldre. Statsforvaltaren vil følgje opp samarbeidet med kommunane og helseføretaket i deira arbeid med helsefellesskap.

### Brukarmedverknad

Brukarar og pasientar har rett til å medverke i utforming av tenestene. Dette gjeld både tenesteutforminga i kommunen og på individnivå. Det er forventa at kommunen har rutinar for dette.

## Kompetanse, kapasitet, heiltidskultur

Statsforvaltaren forventar at kommunane gjennomfører ei langsiktig og heilskapleg planlegging knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene i heile helse- og omsorgssektoren, i tråd med *Kompetanseløft 2025*. For å møte morgondagens utfordringar må ein arbeide aktivt med heiltidskultur for å sikre betre kontinuitet, kvalitet og pasienttryggleik.

Kommunane i Møre og Romsdal har mange deltidstilsette i helse og omsorg. Det er likevel store skilnader kommunane mellom. Ingen av våre kommunar har over 50 prosent heiltidsstillingar. Det er fleire kommunar i fylket som har prosjekt om heiltidskultur (som til dømes Sunndal, Molde, Hustadvika).

## God og riktig mat heile livet

*Nasjonal strategi for godt kosthold og ernæring* for eldre i sjukeheim gjeld frå 2021 til 2023. Kommunane skal iverksette lokale ernæringsiltak, for å sikre at eldre får ein trygg og god mat- og ernæringsoppfølging. Tiltaka skal være tilrettelagt med utgangspunkt i den enkelte sine ønske og behov. Utvikling av ein lokal leiarforankra ernæringsstrategi vil bidra til at god ernæringspraksis blir gjennomført på ein systematisk måte og integrert i det ordinære kvalitets- og styringssystemet.

## Demensplan 2025

Det vil bli fleire eldre i kommunane framover, og særleg i aldersgruppa over 80 år. Talet på personar som blir ramma av demens vil auke til om lag det dobbelte i 2040. I Møre og Romsdal er det ein høgare del eldre enn i landet elles. I tråd med dette forventar vi at talet på eldre med demens vil auke i åra framover. Statsforvaltaren minner om [Demensplan 2025](#) som skal bidra til å sette demensutfordringane på dagsorden i kommunane sitt ordinære planarbeid.

Pårørnde er ein ressurs som det er viktig å vareta. Ei aktuell oppgåve for kommunane er å legge til rette for påørndeskular, samtalegrupper og andre påørndetiltak. Hausten 2022 vil det bli gjennomført Nasjonal kartlegging av kommunane sine til-

rettelagte tenestetilbod for personar med demens. Statsforvaltaren ber kommunane om å svare ut denne kartlegginga.

## Bruk av tvang

Det er som hovudregel ikkje høve til å bruke tvang i helse- og omsorgstenestene. Det vil likevel i enkelte situasjonar kunne vere til det beste for pasienten/brukaren at hjelpa blir gitt med tvang. Lowerket gir klare føringar som ein må følgje, både når det gjeld vedtak og sjølv utføringa av hjelpa. Vi forventar at kommunane har stor merksemd retta mot tiltak for å hindre at pasient/brukar blir utsett for ulovleg tvang.

## Velferdsteknologi

[Nasjonalt velferdsteknologiprogram](#) er sentralt i å sikre berekraftige tenester ved bruk av teknologi. Velferdsteknologiprogrammet blir vidareført i perioden 2022–2024. Kommunane må etablere varige strukturar for velferdsteknologi, og legge til rette for tenesteinnovasjon. Velferdsteknologi til barn, unge og unge vaksne med nedsett funksjonsevne skal prioriterast i programperioden.

## Kvalitet og pasienttryggleik

*Nasjonal handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring (2019-2023)* har mål om færre pasientskader, betre kultur og varige strukturar for pasienttryggleik og kvalitetsforbetring. Det er ein føresetnad at kommunane legg til rette for å auke kompetansen på området, og har ein kultur prega av tillit og openheit. Kommunen må innhente erfaringar frå pasientar, brukarar og påørnde for bruk i det kontinuerlege forbetningsarbeidet.

## Habilitering og rehabilitering

Ny rettleiar *Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming* tydeleggjør kva som er forsvarlege tenester til personar med utviklingshemming. Kommunane må gjere seg kjende med rettleiaren og sørge for vidare oppfølging. [Mitt livs ABC](#) er eit viktig kompetansehevande tiltak for tilsette.

## Psykisk helse og rus

Psykiske plager og lidingar er ein av dei store helse- og samfunnsutfordringane i Noreg. Det er derfor naudsynt å prioritere både førebygging og tenestetilbod.

I [Hurdalsplattforma](#) peikar Regjeringa på at vi treng ein sterk innsats innan psykisk helsearbeid i etterkant av koronapandemien. Det vil også i 2022 vere tilskotsordningar knytt til arbeid med rus- og psykisk helsearbeid i kommunane.

Riksrevisjonens undersøking av psykiske helsetenester som blei lagt fram i juni 2021, viser at helsetestetilbodet varierer både på kommunalt nivå og i spesialisthelsetenestene. Den viser også at befolkninga ikkje har likeverdige tilgang til helse- og omsorgstenester.

Statsforvaltaren skal derfor særleg følgje arbeidet innan desse fire innsatsområda:

- Betre varetaking og styrke tilbodet til pårørande, særleg der barn er pårørande
- Styrke implementering av brukar-medverking i kommunane på alle nivå
- Betre tilbodet til barn og unge – tidleg innsats og rask hjelp, særleg til unge med samtidige psykiske plager/lidningar og rusproblem
- Auke kapasiteten til psykisk helsehjelp slik at folk får den hjelpa dei treng når dei treng det

## Førebygge vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar er alvorleg kriminalitet med store konsekvensar. Dette omfattar ikkje berre fysisk vald, men ofte også psykiske, seksuelle og økonomiske overgrep.

Kommunane er forplikta til å ha eit godt og samordna tenestetilbod til personar som blir utsette for vald. Statsforvaltaren, i samarbeid med *Regionalt ressursenter om vald, traumatisk stress og selvmordsførebygging (RVTS)*, vil her vere ein viktig samarbeids-

part. Regjeringa har utarbeidd handlingsplan for å førebygge og motverke vald i nære relasjonar; [Frihet fra vold](#).

Statsforvaltaren har tidlegare gitt skjønnsmidlar til arbeidet med handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Kommunane, i samarbeid med krisesentera, arbeider med å utvikle både kompetanse på området og gode samarbeidsrutinar. Statsforvaltaren registrer at dette arbeidet har kome ulikt i fylket.


Kommunen har plikt etter [helse- og omsorgstenestelova](#) til å legge til rette for å førebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep. Oppfølging av valdsutsette i reetableringsfasen skal ha høg prioritet frå Statsforvaltaren i 2022.

Statsforvaltaren forventar at kommunen i samarbeid med krisesentera utarbeider og gjer kjent handlingsplanar om vald i nære relasjonar. Kommunane må også ha fokus på reetableringsfasen for dei som har hatt opphald på krisesenter.

## Sosiale tenester

NAV er ein del av kommunens samla velferdstilbod. Under koronapandemien har NAV hatt ei viktig rolle for inntektssikring og førebygging av sosiale problem. Dei som før pandemien sleit med å kome inn på arbeidsmarknaden, står framleis langt unna. Derfor er det i tida som kjem viktig å legge til rette for kvalifisering. Kvalifiseringsprogrammet i NAV er eit verktøy med gode resultat for menneske som treng ekstra oppfølging for å kome i arbeid og aktivitet. Arbeids- og velferdsdirektoratet ønsker at dette vert nytta i langt større grad.

Tilskot til sosiale tenester i NAV vert vidareført i 2022. Tilskotsordninga har som mål at kommunane gjennom nye arbeidsmetodar og samarbeidsformer skal gi auka kvalitet i tenestene, og slik gi ei betring i levekåra for brukarane.



## 3.9 Folkehelse, livsløp og velferd



*Folkehelsearbeid er samfunnet sin samla innsats for å påverke aktørar som direkte eller indirekte fremmar helse og trivsel i befolkninga, førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, eller som beskyttar mot helsetruslar. Folkehelsearbeidet skal arbeide for ei jamnare fordeling av dei faktorane som direkte eller indirekte har innverknad på helsa.*

### Folkehelse

[Folkehelselova](#) (Lov om folkehelsearbeid) gir viktige rammer og føringar for det kommunale folkehelsearbeidet. Folkehelsearbeid er samfunnet sin samla innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmer befolkninga si helse og trivsel.

Ulike forhold påverkar innbyggjarane si helse, og god oversikt bidrar til eit meir treffsikkert folkehelsearbeid. Folkehelselova krev at kommunane legg til rette for eit langsiktig og systematisk arbeid. Det er krav om at kommunane skal ha ei skriftleg oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som påverkar dette (folkehelselova § 5).

Sosiale ulikskapar i helse blir omtalt som systematiske skilnader som følgje av sosiale og økonomiske forhold knytt til m.a. yrke, utdanning og inntekt.

### Folkehelse og plan

Langsiktig og kunnskapsbasert folkehelsearbeid er ein viktig del av kommunane sitt planarbeid. Det er forventa at arbeidet er forankra i nasjonale normer og standardar. Miljøretta helsevern skal og være ein integrert del av det lokale folkehelsearbeidet. Kommunane må i planarbeidet ta bevisste val som tar høgde for tiltak som kan redusere sosiale skilnader slik at

befolkninga sitt helsepotensial vert utnytta fullt ut. Dette krev god og brei kartlegging for å identifisere utfordringane og tverrfagleg samarbeid for å finne gode løysingar.

### Sårbare barn og unge

Under koronapandemien har mange barn og unge vore særleg påverka av inngripande tiltak og avgrensingar. Det er sterke overordna føringar på at kommunane må ha særskild merksemd på barn og unge sine rettar. Tidleg innsats og tilrettelegging for god tverrfagleg og samtidig innsats vil her vere viktig.

### Universell utforming

Universell utforming er ein nasjonal strategi for å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle. Viktige prinsipp er nedfelt i formålsparagrafen i plan- og bygningslova. Universell utforming er eit sektorovergripande tema som vedkjem ei rekke samfunnsområde, og vil i tråd med dette gjerne inngå som eit gjennomgåande perspektiv i den kommunale planlegginga. For meir informasjon om universell utforming i planlegging viser vi til [KMD/regjeringa sine heimesider](#).

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil saman med fylkeskommunen i 2022 ta initiativ til eit fagseminar for kommunane med universell utforming som tema.

## Bustadsosialt arbeid

Kommunane har hovudansvaret for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Ansvar og oppgåver i det bustadsosiale arbeidet er elles fordelt på fleire sektorar og forvaltningsnivå. Staten skal sikre gode rammevilkår. Frivillige og ideelle organisasjonar er viktige samarbeidspartar. Brukarar, pårørande og interesseorganisasjonar skal involverast.

Ansvaret for ein heilskapleg og tverrsektoriell bustadsosial innsats er heimla i ulike lover og vedtekter; jf.

- [Lov om folkehelsearbeid](#) skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremmer folkehelse og jamnar ut sosiale helseskilnader.
- [Lov om sosiale tjenester](#) i arbeids- og velferdsforvaltningen regulerer kommunale oppgåver og tenester som NAV-kontoret skal utføre.
- [Lov om planlegging og byggesaksbehandling](#) skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Lova skal bidra til god forming av bygde omgivnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet.





- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester](#) regulerer kommunens ansvar for å sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstjenester.

### Aldersvennlege samfunn

Dei demografiske endringane krev innovasjon og nye løysingar. Arbeidet med å skape eit aldersvennleg samfunn famnar vidt og går på tvers av både fagfelt, sektorar og samfunnsinstitusjonar.

Kommunane må legge til rette for gode nærmiljø, som inkluderer og engasjerer. Det krev at planleggarar, arkitektar og alle som jobbar med stadutvikling kjem på bana. Det trengs fysiske miljø som legg til rette for aktivitet og møter mellom menneske, på tvers av alder, interesser og funksjonsnivå. Eit velfungerande kollektivtilbod er også viktig for å unngå einsemd og for å ha tilgang til butikkar og nødvendige tenes-

ter. Dette er like viktig for by og bygd. Det kan være nyttig å tenke nytt og bruke erfaringar frå andre kommunar og fylke.

### Leve heile livet

[Leve hele livet \(2019-2023\)](#) er ei kvalitetsreform for eldre over 65 år. Reforma er forlenga til ut 2024 og kommunane er no i fasen for gjennomføring. Mål og strategi- ar må gjerast kjent og følgjast opp gjennom handlingsplanar og konkrete tiltak.

I tråd med *Leve heile livet* må kommunane legge opp til endringsprosessar med sterk medverknad mellom anna frå eldreråda, rådet for personar med funksjonsnedsettingar, ungdomsrådet og innbyggjarane elles.

På nettsida [Ressursportal.no](#) finn ein informasjon som vil vere av relevans for kommunar i analyse og planlegging av *Leve heile livet*.



## 3.10 Krav om innsyn og klagebehandling etter offentleglova



*Prinsippet om offentlegheit er grunnlovfesta og underbygger kor viktig offentlegheit er for forvaltninga i Noreg. Kommunane må sørge for ei effektiv og riktig behandling av krav om innsyn og klage på innsyn, slik at offentleglova fungerer etter sin hensikt.*

Statsforvaltaren har merka seg ei auke i klagesaker om avslag på innsyn og førespurnader som gjeld manglande svar på innsynskrav i kommunane. Innsynskrav gjeld alle kommunen sine fagområde. Dette stiller krav til at alle avdelingar og tilsette har kjennskap til [offentleglova](#) for å behandle innsynskrav og klage på innsyn på riktig måte. Kommunane må jobbe for ei einsarta behandling av slike saker i kommunen.

### Hovudregelen om innsyn

Hovudregelen er at alle saksdokument i eit forvaltningsorgan er opne for innsyn. For å avslå eit krav om innsyn må ein derfor vise til ein lovheimel i offentleglova, særlovgiving eller forskrift. Den som ber om innsyn treng ikkje forklare kvifor dei ynskjer innsyn. Det er også høve til å be om innsyn anonymt. Innsynskravet kan rettast mot alle forvaltningsorgan som har det aktuelle dokumentet hos seg, sjølv om dokumentet er utarbeida av eit anna organ.

Det er ikkje avgjerande korleis informasjonen er lagra. Avgjerande er at informasjonen er lagra på ei måte som gjer at ein finner tilbake til han.

Offentleg organ har ein plikt til å journalføre alle saksdokument etter offentleglova §10. Dersom saksdokument ikkje blir journalført, er det i praksis umogeleg å få innsyn i dei. Det er derfor viktig at kommunen sørger for å journalføre alle saksdokument. Dette gjeld også sms-ar, e-postar, lydfiler, bilete osv.

### Saksbehandling av innsyn

Forvaltningsorgan skal svare på eit innsynskrav innan fem verkedagar. Dersom organet ikkje svarar innan fem verkedagar, er det å rekne som eit avslag på innsyn som det kan klagast på. Avslag på innsyn skal vere skriftleg og grunngitt. Avslaget må vise til den lovføresegna som gir rett til avslag. Det skal opplysast om klagerett og klagefrist.

Ei klage skal sendast til det organet som har avslått innsyn. Organet skal klageførebu saka og sende saka vidare til klageinstansen utan ugrunna opphald. Klageinstansen må ha alle relevante dokument i saka. Det omfattar også dokumentet det er bedt om innsyn i, slik at klageinstansen kan gjere ei vurdering av kommunen si grunngjeving for ikkje å gi innsyn i dokumentet.

Statsforvaltaren er klageinstans for innsynskrav der kommunen gir heilt eller delvis avslag.

### **Statsforvaltarens erfaring med klagebehandling**

Gjennom si klagebehandling er det Statsforvaltarens erfaring at sakene ikkje alltid er godt nok opplyst til at Statsforvaltaren kan treffe eit endeleg vedtak i saka. Statsforvaltaren ber kommunane vere oppmerksame på at fleire av unntaka i offentleglova gjeld opplysningar og ikkje heile dokument. Då er utgangspunktet at kommunen må sladda dei opplysningane i dokumentet som er unntatt, og gi innsyn i resten av dokumentet. Det er berre i dei tilfelle som følgjer av offentleglova § 12 ein då kan gjere unntak for heile dokumentet. Kommunen må i tilfelle grunngi at offentleglova § 12 er oppfylt.

Statsforvaltaren minner også om at i dei tilfelle ein «kan» gjere unntak for dokument frå innsyn, må forvaltningsorganet alltid vurdere meirinnsyn etter offentleglova § 11. Organet må vurdere om omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak. Vurderinga vil kunne endre seg over tid. Dersom dei omsyna som grunngir behovet for innsyn ikkje gjer seg gjeldande i særleg grad, skal innsyn gis.

Kommunane må vere oppmerksame på at krav som gjeld innsyn som part i ei konkret sak, skal vurderast etter forvaltingslova og ikkje offentleglova. Parter sin innsynsrett gjeld uavhengig av teieplikta og rekk normalt lenger enn innsynsretten til allmenta. Omsynet bak partsinnsyn er at partane må ha naudsynt informasjon for å ta vare på sine interesser i saka.



Foto: Stortinget

# 4

## Grunnlag for vidare dialog og samarbeid

Samordning og samarbeid vil vere ein viktig føresetnad for å løyse utfordringane kommunane står overfor. Dette forventningsbrevet er forankra i Statsforvaltarens embetsoppdrag. Målet er at kommunen og Statsforvaltaren gjennom samarbeid og dialog kan kome fram til gode løysingar for innbyggerane i Møre og Romsdal.

I kapitel 3 har Statsforvaltaren peika på forventningar til kommunane. Gode løysingar på samfunnsoppdraget finn ein best gjennom lokalt og regionalt samarbeid. Langsiktig planlegging og oppdaterte planar er ein nøkkel i dette arbeidet. Dei ulike samfunnsaktørane har ulik kompetanse og erfaringar som kan kome alle til nytte. Deling og dialog mellom kommunane, fylkeskommunen og Statsforvaltaren blir viktig.

### Oppfølging av berekraftsmåla – strategisk planlegging

Statsforvaltaren og fylkeskommunen samarbeider om å nå berekraftsmåla. Gjennom satsinga [Berekraftfylket Møre og Romsdal](#), og med finansiering frå Statsforvaltaren, har alle kommunane i fylket fått utarbeidd eigne kommunespesifikke [KPI-rapportar](#).

Vi held fram arbeidet med satsinga *Berekraftfylket Møre og Romsdal*. I 2022 legg vi opp til samarbeid om tiltak og prosjekt som kan bidra til eit meir berekraftig Møre og Romsdal.

Resultat i KPI-rapportane vil gi oppdatert kunnskap om miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Dette inngår som ein del av kunnskapsgrunnlaget for vidare arbeid med mål, strategiar og tiltak i kommuneplanarbeidet. Statsforvaltaren vil i 2022 pri-

oritere vidare oppfølging av det strategiske planarbeidet i kommunane.

### Samarbeidsprosjektet Møre og Romsdal 2025

Programmet Møre og Romsdal 2025 blei starta opp i 2018 som eit samarbeid mellom Statsforvaltaren og fylkeskommunen. Samarbeid, samling og samordning av offentleg sektor i fylket er viktig for å bygge ein sterk region. Det er potensial for meir og betre samarbeid med statlege aktørar med hovudkontor utanfor fylket. Å opprette gode samarbeidsarenaer mellom dei tre forvaltningsnivåa - kommunane, fylkeskommunen, Statsforvaltaren og statlege aktørar, er verdfullt for samfunnsutviklinga i fylket.

Gjennom *Møre og Romsdal 2025* har vi løfta fram følgande prosjekt:

Berekraft, DIGI Møre og Romsdal, Nullvisjon for utanforskap og ungt entreprenørskap. Alle kommunane er med, og det er viktig for vidare utvikling av Møre og Romsdal at heile laget med 26 kommunar deltek på satsingane vidare.

### Styrking av kommunedialogen

Statsforvaltaren er bindeleddet mellom den sentrale statsforvaltninga og kommunane. Vi er avhengig av samordning og samarbeid

for å gjere oppgåvene våre. Dialog er også viktig for å leve opp til forventningane som er presentert i kapittel 3. Kommunediolog inneber rettleiing og kunnskapsdeling. Vi ønsker å vere ein god støttespelar for utvikling i kommunane.

### **Oppfølging av koronapandemien**

God samhandling om beredskap har vore vesentleg i pandemien. Det vert forventa at kommunane har oppdatert planverk, også smittevern-/ pandemiplan, kontinuitetsplan og andre beredskapsplanar.

Statsforvaltaren skal særskilt følgje med på om beredskapssamarbeidet mellom helseføretak og kommunar sikrar samordna beredskap. Vi vil også sjå til at kommunane har gode leiings- og styringssystem og at kommunale helsetenester er tilpassa pandemisituasjonen i 2022.

### **Oppfølging av kommuneøkonomi**

For å møte framtidens utfordringar, er det heilt avgjerande at kommunane har ei sunn og god økonomiforvaltning. Statsforvaltaren vil ha god dialog med kommunane om kommuneøkonomi og gir rettleiing. Som eit ledd i dette har vi som mål i 2022 å besøke dei kommunane som er i, eller står i fare for, å hamne på ROBEK.

### **Barn og unge**

Statsforvaltaren skal vere pådrivar for tverrsektorielt og tverrfagleg samarbeid for utsette barn og unge og deira familiar. Dette vil medverke til regional samordning og eit meir samordna tenestetilbod i kommunane, inkludert digitale tilbod.

Statsforvaltaren skal følgje opp korleis kommunane gjennomfører barnevernsreforma, og kunne tilby rettleiing til kommunane. Det blir lagt opp til erfaringsutveksling mellom kommunane om tiltak dei sjølv meiner gir effekt, for å stimulere til utvikling av god praksis.

### **Oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap**

Statsforvaltaren ber kommunane om å rette særleg merksemd på tryggleiken for

kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur. Digitale trugslar, hybride hendingar og klimaendringar kan medføre utfordringar. Meir intens nedbør, flaumfare, stormflo og havnivåstigning er døme på det som kan råke fylket, og som krev at kommunane er godt førebudde. Kommunane må planlegge for å handtere langvarige kriser og samansette hendingar.

### **Oppfølging av klimaomstilling**

Statsforvaltaren vil støtte kommunane i klimaarbeidet og klimaomstillinga gjennom satsinga [Klimasnu](#). Vi ønsker god dialog og låg terskel for å ta kontakt.

Vi deler årleg ut Klimasnuprisen. Kommunane kan melde inn kandidatar innan 1. oktober. I 2021 gjekk prisen til Tushugan Alp, Urban Gartneren AS.

Vi oppfordrar alle kommunane i Møre og Romsdal til å søke om støtte til klimatiltak gjennom ordninga [klimasats](#). Søknadsfrist 15. februar. Norske kommunar som har ein politisk godkjent klima- og energiplan kan søke EU City Facility om opp til 60 000 Euro i [støtte til gjennomføring av tiltak som ligg i planen](#).

[Enova](#) gir støtte til energieffektivisering og produksjon av fornybar energi, og gir også støtte til:

- [Utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar](#)
- [Tunge elektriske køyretøy](#)
- [Utsleppsfrie anleggsmaskinar, biogasskøyretøy og hydrogenkøyretøy](#)

# Klimasnuiprisen 2021

Statsforvaltaren deler årleg ut Klimasnuiprisen. I samband med prisutdelinga for 2021, fekk elevar frå Molde kulturskule i oppdrag å lage kunstverk av resirkulert materiale for utdeling til finalistane.




Utsnitt av desse kunstverka er nytta som illustrasjonar i årets forventningsbrev.

- Biletet på framsida er laga av Åsa Serine Urdshals 14 år, og blei gitt i gåve til Sæbø skule og barnehage i Ørsta.

- Biletet på baksida er laga av Amanda Borga 12 år, og blei gitt i gåve til gardbrukar Finn Roger Trodal frå Averøy.
- Skulpturen under er laga av Konrad Steinsvoll 12 år, den blei gitt i gåve til Urban Gartneren AS i Molde.



Skulptur: Konrad Steinsvoll, 12 år



Ta eit bilde av QR koden til høgre med ein smarttelefonen, og du finn forventningsbrevet 2022.



Kunstverk: Amanda Borge